

**Arkiv:** <arkivID><jpID> FA-U62  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 06.07.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
036/23	Utval for helse og omsorg	19.09.2023

### Feste Nærkjøp AS - Søknad om salsløyve for alkohol i ubetjent butikk

#### Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for helse og omsorg vedtar at søknad om sal av alkohol i ubetjent butikk – Feste Nærkjøp AS org.nr. 937740441 vert avslått.

Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29.  
Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

#### Utval for helse og omsorg 19.09.2023:

##### Handsaming:

Utvalet vedtok samråystes kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak.

##### HO- 036/23 Vedtak:

Utval for helse og omsorg vedtar at søknad om sal av alkohol i ubetjent butikk – Feste Nærkjøp AS org.nr. 937740441 vert avslått.

Klagefrist er 3 veker etter mottatt melding om vedtak, jfr. Forvaltningsloven § 29.  
Klageinstans er Statsforvaltaren i Vestland. Klage skal sendast til Alver kommune.

##### Politisk handsaming

Saka skal avgjera i utval for helse og omsorg.

##### Saka gjeld

Feste Nærkjøp AS org.nr 937740441 er innvilga salsløyve for alkoholhaldig drikk for perioden 01.10.20 – 30.09.24.

Feste Nærkjøp AS søker om endring av salsløyve til også å gjelde sal av alkohol i ubetjent butikk.

Styrar: Hans Jacob Valle, Festevegen 459, 5912 Seim

Avløysar: Andreas Valle, Flatøyvegen 71, 5918 Frekhaug

##### Saksopplysningar

Feste Nærkjøp AS søker om sal av alkohol i ubetjent butikk jf. Vedlegg.

I søknad frå Feste Nærkjøp AS kjem det fram at dei vil ha fysisk betjening:

Mand- fred kl. 10-17

Laurdag kl. 10-16  
Sundag Kl. 12-16

Sal av alkoholholdig mand-fred frå kl 09.00-20.00. Laurdag frå kl 09.00-18.00.

Butikken vil vere ubetjent frå kl. 06:00-00:00 og styrast ved hjelp av teknologisk løysing (sjå vedlegg).

Feste Nærkjøp AS ønskjer å bruka teknologiske løysingar for kontroll ved sal av alkohol. Feste Nærkjøp AS meiner at dette vil vera ei god løysing for at butikken skal kunna overleva og vera meir lønnsam.

**Vurdering:**

Kommuneplan samfunnsdel 2022-2034 i Alver kommune legg vekt på eit berekraftig samfunn og næring. Kommunedirektøren vurderer at ubetjente butikkar kan vera ei god løysing for næringa, men då utan løyve for sal av alkohol i ubetjente butikkar.

Ifølgje Alkohollova § 3-9 har løyvehavar til ei kvar tid ansvar for at løyvet blir utøvd på ein måte at dei oppfyller dei vilkår som er nemnt i løyvedetaket, alkohollova og krav gitt i medhald til den, og at løyvet for øvrig blir utøvd på ein forsvarleg måte. Med omsyn til kontroll vil det vere spesielle utfordringar ein må ta omsyn til ved ubetjente butikkar.

Alkohollova set krav om at løyvehavar skal sørja for at det ikkje blir selt alkohol til personar under alderskravet som er fastsett i § 1-5. Feste Nærbutikk AS vil bruke teknologiske løysingar for å kontrollere alder ved sal av alkohol. Det kjem mellom anna fram at det vil bli brukt kameraovervaking for inngangskontroll og ulik type alarmar til den som betjener butikken.

Alkohollova § 8-11 og alkoholforskrifta § 3-1 set også krav om at det ikkje blir selt alkohol til personar som er openbert påverka av rusmiddel.

Nærbutikken Feste AS vil ta vare på dette ved at systemet for overvaking «*kan nekta overstadige rusa personar som tidlegare har besøkt butikken, eller forsøkt å besøkja butikken tilgang til butikken neste gong. Den som betener butikken vil òg visuelt, via kameraovervaking og tovegskommunikasjon kunne observera og vurdera tilstanden til kjøparen.*

Det er ikkje berre alkohol som blir omfatta i definisjonen av rusmiddel i Alkoholforskrifta § 3-1. Direktoratet jf. Vedlegg omtaler at påverknad kan vera av alkohol åleine, eller i kombinasjon av andre rusmiddel. Det må gjerast ei konkret og heilskapleg vurdering av om kjøparen er openbert påverka av rusmiddel ved observasjon av vedkommande og samtale.

Helsedirektoratet vurderer at forbod om sal til personar som er openbert er påverka vanskeleg kan sikrast og takast vare på igjennom tekniske løysingar. Forbodet inneber etter synet til direktoratet at det må gjerast ei konkret vurdering av kva grad kjøparen er påvirka.

Ifølgje rettleiaren til helsedirektoratet ([Salgs- og skjenkekонтроль – Veileder.pdf \(helsedirektoratet.no\)](#)) for sals- og skjenkekонтроль skal det også i vurderinga mellom anna takast omsyn til den generelle åtferda til personen, motorikk, om vedkommande er slepphendt, problem med å gå rett, høgrøysta eller luktar alkohol. Direktoratet vurderer at det ikkje vil vera mogleg å gjera ei slik vurdering utan det fysiske nærværet til seljar.

Ei anna utfording direktoratet påpeikar er såkalla «langing». Det vil seiа der det blir kjøpt alkohol med hensikt å overlate alkohol til mindreårige personar som ikkje oppfyller alderskravet jf. Alkoholloven § 8-8. Ved mistanke om at alkoholholdig drikk blir kjøpt i den hensikta å overlate det til ein som ikkje fyller alderskrava bør utsalsstaden avbryta salet. Ved ubetjente salsstader kan det vere utfordrande å halda oversikt i umiddelbar nærleik.

Helsedirektoratet i konkluderer at: «*Ved å opna for at sal av alkoholholdige drikk kan seljast utan kontroll av ein person som er fysisk til stades, vil dette vera ei form for sal som etter vurderinga frå direktoratet er i strid med prinsippa i alkohollova. Sal av alkoholholdig drikk frå ubetjent butikk vil vera ei salsform som krev ei endring i det regelverket som regulerer sal av alkoholholdig drikk i butikk.*

Kommunedirektøren ser at sjølvbetjent butikk kan bidra til ein meir bærekraftig næring for lokalsamfunna. Likevel påpeikar helsedirektoratet at sal av alkohol i ubetjente kasser er i strid med prinsippa i alkohollova og at sal av alkoholholdig drikk frå ubetjent butikk vil vera ei salsform som krev ei endring i regelverket. Opplysninga i saka tilseier at det ikkje bør innvilgast endring av salsløyve til å gjelda sal av alkohol i sjølvopen butikk. Alkoholhaldig drikk skal seljast i tidsrommet butikken har fysisk bemanning og innanfor salstidene i forskrifta. Gjeldande alkoholpolitisk plan i Alver kommune 2020-2024 omtaler ikkje sal av alkohol i ubetjent butikk.

### **Kommunedirektøren si tilråding**

Kommunedirektøren rår til at søknad om sal av alkohol i ubetjent butikk – Feste Nærkjøp AS org.nr. 937740441 vert avslått.

#### **Vedlegg i saken:**

10.07.2023	Feste Nærkjøp AS- informasjon om sjølvbetjent butikk	1964628
10.07.2023	Helsedirektoratet -Salg av alkoholholdig drikk fra ubetjente kasser og butikker	1964632
24.08.2023	Søknad om salsløyve for alkohol Feste Nærkjøp AS	1979674